



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene komme er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Kulturkonsulent - 60% vikariat

Stillingsinformasjon

Det er ledig vikariat som kulturkonsulent i 60% stilling ved tenesteområde kultur frå 15.01.18 - 08.06.18.

Kulturtenesta i Meland driv bibliotek, kulturskule, frivilligentral, kulturbasert ungdomsarbeid, kulturfagleg rådgjeving og administrativ sakshandsaming. Kommunen har ei sterk frivillighet og er rik på lag og organisasjoner.

Sentrale oppgåver for stillinga vil vere:

- Oppfølging av friluftslivsprosjekta i kommunen
- Rettleiding og handsaming av tilskotsordningar
- Ansvar for Den Kulturelle Skulesekken
- Bistand ved gjennomføring av faste kulturhendingar i perioden
- Generelt kulturarbeid, sakshandsaming og kulturfagleg rådgjeving
- Kontakt og samarbeid med lag og organisasjoner innan kultur- og idrettsfeltet
- Sporadisk kvelds- og helgearbeid

Kvalifikasjonskrav

Høgare utdanning på bachelornivå innan kulturfag. Anna utdanning med relevant praksis kan vurderast.

Søkjaren må ha høg samarbeids- og gjennomføringsevne og god skriftleg og munnleg framstillingsevne.

Det vil verte lagt vekt på personleg eignethet for stillinga.

Vi tilbyr

Ein utfordrande og spanande jobb

Hyggelege arbeidskollegaer

Høve til å vere med å utvikle kulturtenesta i Meland kommune

Løn etter gjeldande tariffavtale

God pensjonsordning

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 09.11.2017

Utlyst dato 24.10.2017

Vårref

718/17

Kontaktperson

Eirik Bouwer Utne, Tenesteområdeleiari kultur, tlf: 56171059, eirik.utne@meland.kommune.no